



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 35/2020

Møtedato: 24.11.20


Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## Søknad om å få setja opp gjerde kring Vaset

Stølsbrukarane i nærleiken av Vaset ynskjer å føre opp eit gjerde for å halde beitedyra vekk frå turistområdet på Vaset. I fyrste omgang vil ein føre opp trådgjerde frå Vasetvatnet til start av Bjødnhøvdvegen. Ved å kople det til eksisterande gjerde, vil dette bli ca. 600-700 meter med gjerde. Ved skiløyper og vegar vil det blir laga smale grinder med automatisk lukking. Seinare er det aktuelt å føre opp elektrisk gjerde frå Bjødnhøvdvegen, over skiheistoppen og til Gomostølen. Prosjekt «Stølsvidda» vil støtte tiltaket økonomisk.

Det er ei stor ulempe at beitedyra dreg ned i Vaset sentrum og hyttefeltet på Vaset. Kommunen har ført opp att ferist ved Vaset bru, for å hindre at dyra dreg ned i bygda. Dette har ikkje fungert spesielt godt og det vil bli gjort forsøk på å utbetre dette i år.



Det er Statskog som gir løyve til inngjerding og fjellstret gir uttale før Statskog gjer vedtak. Tiltaket vil ha ein beiteregulerande effekt og det blir normalt ikkje godkjent. Det har vore ferist ved Vasetbrue sidan lang tid tilbake. Det har derfor vore eit beiteregulerande tiltak her og det er berre det arealet som er bygd ned av turisme som går ut ved ei slik regulering. Tiltaket bør likevel leggjast ut til offentleg ettersyn.

Før det blir gjeve løyve til inngjerding må ein ha på plass ei avtale om korleis gjerde skal haldast vedlike.

## Vedtak i sak 24/20:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

Søknaden er sendt aktuelle naboar til tiltaket og kunngjort ved annonse i lokalavisa og på fjellstyret si nettside.

Fjellstyret har motteke følgjande merknader:

- Anne Christine Nordviste (94/1/871) ynskjer at det blir laga til ein port i gjerdet slik at tilkomst blir lettare om vinteren.
- Marit Viste (94/1/785) ynskjer ikkje gjerde og grinar rundt stølen og går mot søknaden.
- Vasetløypene: 1. Forslaget berører flere av løypelagets skiløyper. Vi ser at en tilførselsløype som går fra 10-kilometeren og opp til parkering/snuplassen ved bommen på Panoramavegen er uteglemt i kartskissen.
- 2. Det er viktig at en person fra styrtet i løypelaget får anledning til å være med på befaring, når det skal bestemmes hvor le og grinder skal settes opp. Det er svært viktig at grindene blir breie nok, slik at løypemaskinen kan passere grindestolpene uten problemer.
- 3. Løypelaget vil ikke ha ansvar for oppsettiging av grindene på forsommaren og flytting av grindene på høsten. Dette arbeidet må utføres av tiltakshaver eller andre.

Finansiering av tiltaket var tenkt løyst gjennom prosjektet «Stølsvidda». Prosjektet blir styrt av eit lokalt styre og landbrukskontoret i Vestre Slidre. Det har vore gjort forsøk med styring av beitedyr med Nofence, som er eit virtuelt gjerdesystem. Erfaringane frå forsøket er så gode at Stølsvidda vil prøve det ut i større skala på Vaset før ein går vidare med å vurdere om det skal setjast opp gjerde for beitedyra. Det er bestilt 100 klavar som skal lånaust ut til stølsbrukarane sumaren 2021.

Det vil føre med seg ein god del ulemper med omsyn til ferdsel ved at det blir sett opp eit slik gjerde. På den andre sida er det viktig å sikre gode tilhøve for dei som driv landbruksnærings i området. Problemet med at beitedyra kjem inn i sentrum av Vaset kan kanskje løyst med eit virtuelt gjerde som Nofence. Ein bør derfor avslå søknaden inntil vidare for å gjera erfaring med Nofence. Skal søknaden om inngjerding fremmast på nytt, bør det på førehand avklarast kven som skal vera praktisk og økonomisk ansvarleg for eit ev. gjerde.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret tilrar at Statskog avslår søknad om inngjerding inntil ein får gjort erfaring med Nofence. Skal søknaden om inngjerding fremmast på nytt, bør det førehand avklarast kven som skal vera praktisk og økonomisk ansvarleg for eit ev. gjerde.

#### **Vedtak:**

Fjellstyret tilrar at Statskog avslår søknad om inngjerding inntil ein får gjort erfaring med Nofence. Skal søknaden om inngjerding fremmast på nytt, bør det førehand avklarast kven som skal vera praktisk og økonomisk ansvarleg for eit ev. gjerde.

Vedtaket er samrøystes.

Vedtaket er ikkje enkelvedtak jf. forvaltningsloven og det er ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 26.11.20

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Søkjjarane  
Vaset vekst  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Beitelag  
Ann Christine Nordviste  
Marit Viste  
Vasetløypene